

## Framifrå integreringsarbeid gjennom fotballen.

07.03.2016



Dei 4 fotballspelarane, Ali(f.v.), Zemichael, Ayaanle og Mohamed, i ein pause frå norskundervisninga i kulturskulebygget.

**Fotballen er eit godt reiskap til å få unge fra andre land integrert i det norske samfunnet. Det er mange døme på det. Dette fekk eg også vera vitne til då eg overvar første del av treninga til A-laget til Rosendal i går kveld. Der var tre unge gutar frå Somalia og ein frå Eritrea for fullt med i lagspelet saman med norske medspelarar.**



Frå oppvarminga på gårdagens trening.

Det er ei stor utfordring å gje unge flyktningar ei meiningsfylt fritid. På dagtid er dei på skule og i språkpraksis. På fritida er det ikkje noka fast organisering, og derfor er det svært viktig at frivillige hjelper til for at dei skal kunna ta del i det norske samfunnslivet. Å verta sitjande i leilighetene sine er inga god løysing for ungdommar som har måtta flykta frå heimlandet sitt.

Ali og Mohamed som bur i Beinavikjo i Uskedalen, er begge flyktningar frå storbyen Mogadishu i Somalia. Dei har vore med på nokre treningar med A-laget til Rosendal og er svært glad for det. Begge snakkar godt norsk, og dei fortel at dei er blitt svært godt mottekne av både coach og spelarar. Veldig stor pris set det på at dei får kjøra til og frå treningane med lagkamerat Hermund Døssland. Han kjem nedom Vikjo og hentar dei to.

- Det er veldig viktig for oss, seier Mohamed og Ali for det ville blitt for dyrt for dei å reisa med buss. Dei kan nemleg ikkje bruka same busskortet som dei har kjøpt for å bruka til skulen på Husnes.

Ali spela fotball på laget til Nærbø i fjor då han budde på mottak der. Mohamed har mindre erfaring med organisert fotball, men han har spelt fotball medan han budde i Somalia.

På treninga i går fekk dei to 21-åringane selskap av to vener frå Vaksenopplæringa. Ayaanle (17 år) frå Herøysundet og Somalia og Zemichael(28 år) frå Rosendal og Eritrea var på si første trening med laget. Ayaanle har siste halvanna året vore med på aldersbestemt fotball i Trio medan Zemichael som kom til Kvinnherad i fjor sommar, har vore med på nokre old boys treningar i Rosendal saman med fleire eritreiske venner.

Etter ei oppvarmingsøkt var det klart for ein spelesekvens det det vart lagt vekt på at ballen skulle gå fort med få touch. Det var flott å stå på sidelinja og sjå på korleis alle spelarane vart involvert i samspelet. Kjekt var det også å registrera at dei norske spelarane hadde lært namna på dei afrikanske medspelarane sine.

Då eg stod på sidelinja, kom eg til å tenkja på om dei norske ungdommane verkeleg var klar over kor viktig og flott jobb dei gjer. Det skal godt gjerast å fatta det. Eg trur denne integreringa er så ufatteleg viktig!



Etter treninga må det tøyast ut!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland